



## ULEFOSS ROTARY KLUBB

### REFERAT FRA HYGGEKVELD

Dato	År	Referent
14.desember	2017	Liv Sonja Flolid

Ein strålende kveld, der 29 personar såg seg stevna rundt eit flott bord, dekka i jula sine gode fargar, av Olav Gaute! Denne kvelden var det opna for å ta med gjester og ektefeller, og blant desse fann me også to tidlegare rotarykameratar; Henry og Bardur! Elles var sjølvsagt vår utvekslingsstudent Sara Sofia der, saman med "mor" Eva Kallager, og ektefellane Margareth Skipenes, Berit Rinde Juel, Bjørg Eriksen og Gunilla Gaathaug. Denne kvelden stod i jula sitt teikn, dermed var menyen satt; svineribbe med alt mogeleg deilig tilbehør, og riskrem! Hermann,



Monica Juel blir tatt opp. Klubbens kvinneandel øker dramatisk!

Knut, Olav Gaute og Harald hadde jobba godt, i fleire dagar, for at me andre kunne nyte eit herleg måltid! TUSEN TAKK, GUTAR!!

Mellom hovudrett og dessert var det opptak av to nye medlemmer, Monica Juel og Hans Petter Framnes. Unge og freshe, og vårt alibi for alderssamansettina i klubben. Einar og Ola Vea tok fadderansvaret alvorleg og leste frå "Boka" om plikter og ansvar, noko dei nye vil få meir kjennskap til undervegs. Underteikna er spesielt glad for at kvinneandelen i klubben med dette

auka kolossalt! Noko det framleis er ei stor oppgåve for klubben å jobbe med!

Kvelden gjekk munterr i veg, og tru det eller ei, men Flåbygd-/Lundeekspressen var den første som returnerte til dei øvre/vestre bygder! Underteikna og slekta var dei siste som vart sittande litt, saman med komiteen, etter at huset og kjøkkenet



Hans Petter Framnes får nålen Vi gratulerer!

var så nokolunde rydda. Då vart me alle einige om at det hadde vore ein gild kveld!

Kven som vann vinen og kven som fekk nappet denne kvelden, hugsar referenten ikkje!



Presidenten med Ulefoss rotaryklubbs «nye vin». Dette lover godt!

**GOD JUL OG GODT NYTTÅR ALLE SAMAN!**



Olav Å gir presidentskapet gode råd.